



Noregs vassdrags- og energidirektorat

Dato: 29.05.2015
Vår ref.: 2015/2855-5
Saksbehandlar: talhals
Dykkar ref.:

Søknad om løyve til bygging av seks kraftverk i Masfjorden kommune. Fråsegn Hordaland fylkeskommune.

Vi viser til brev dagsett 03.03.15 der Hordaland fylkeskommune er beden om å gje fråsegn om seks søknadar til utbygging av småkraftverk i Masfjorden kommune.

Fylkesutvalet i Hordaland handsama sak 127/2015 på møte 19.05. og vedtok følgjande fråsegn:

1. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjennomført ei samla konsekvensvurdering for dei seks kraftverka for artane oter, fossefall og spettefuglar. Tilrådde avbøtande tiltak bør vere del av eventuelle konsesjonsvilkår.

Sandneselva kraftverk

- 2. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Sandneselva kraftverk.*
- 3. Det er viktig at ein søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.*
- 4. Av omsyn til bekkekløft, fossefall og strandsnipe må høgare minstevassføring vurderast.*
- 5. Av omsyn til fossefall må det setjast opp reirkassar der trygge reirplassar forsvinn.*

Nørlandselva kraftverk

- 6. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Nørlandselva kraftverk.*
- 7. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det må påreknast arkeologisk registrering langs traséen uansett kva alternativ ein vel å gå for. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.*
- 8. Nedre del av elva er eit markant element i fjordlandskapet og det er ei fossesprøytsone i øvre del. Det hekkar fossefall i elva. Minstevassføringa må vere tilstrekkeleg til å ta vare på desse verdiane.*
- 9. Av omsyn til fossefall må det setjast opp reirkassar der trygge reirplassar forsvinn.*

Bjørneklettbotn kraftverk

- 10. Hordaland fylkeskommune rår i frå utbygging av Bjørneklettbotn kraftverk grunna samla belastning på landskap og kulturmiljø langs elva.*
- 11. Dersom prosjektet får konsesjon, rår Hordaland fylkeskommune til at overføring av Bjørneklettbekken vert teke ut av planen. Bakgrunnen er at redusert vassføring får konsekvensar for opplevinga av kulturminna og kulturmiljøet.*
- 12. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før eventuell iverksetjing av tiltak.*

Fossdalen kraftverk

- 13. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Fossdalen kraftverk.*
- 14. Av omsyn til fossefall må høgare minstevassføring vurderast og reirkassar setjast opp der trygge reirplassar forsvinn.*

15. Plassering av kraftstasjon må ikkje komma i konflikt med den gamle SEFRAK-registrerte saga. Det vil bli stilt krav om arkeologisk registrering oppe ved Fossdalen der mellom anna veg og røyrgate til sideelva er planlagt. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.

16. Av omsyn til spettefugl må tidspunkt for anleggsarbeid og endeleg val av røyrgetrase vurderast på nytt.

17. Av omsyn til fjordlandskapet i Masfjorden må røyrgata frå Dyrkollelva utformast så skånsamt som mogleg.

Sulelva kraftverk

18. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Sulelva kraftverk.

19. Av omsyn til kulturmiljøverdiane på Kalhovdasetra ved eventuell overføring av Svaelva (Sudalselva), må terrenginngrepa minimaliserast og raskt revegeterte.

20. Av omsyn til landskaps-og friluftslivsverdier bør ei høgare minstevasføring vurderast i sommarsesongen.

Haugsvær kraftverk

21. Hordaland fylkeskommune rår til utbygging av Haugsvær kraftverk.

22. Det er potensial for funn av hittil ikkje kjende automatisk freda kulturminne i området. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.

Vedlagt følgjer protokoll og saksframlegg.

Gudrun Mathisen
Klima- og naturressurssjef

Tale Halsør
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.